

ÅRETS LOKALAVIS

HEIDERLEG OMTALE — 2020/2021 —

Vaksdalposten

Vaksdalposten viser at det er mogleg å få mykje ut av lite. Sjølv med små redaksjonelle ressursar klarer avisat setje dagsorden, skape engasjement og halde innbyggjarane godt orienterte.

Vaksdalposten er ei av mange viktige norske superlokale aviser, men Vaksdalposten har også klart å utvikle seg siste åra, ikkje minst gjennom ei større nettsatsing, der ein også har satsa på videoar frå idretts- og kulturarrangement. Avisa har rundt 70 prosent lesardekning, og har snudd fleire år med negative resultat til pluss i 2018.

Språket er godt, bileta er bra, innhaldet er variert, mange ungdomar slepp til, og sjølv om ein har meir å hente på formgjeving, er totalinntrykket at dette er ei god og truverdig lokalavis som ein lett blir glad i.

Vaksdalposten fortener heiderleg omtale i Årets lokalavis-konkuransen til LLA.

JURYEN, OSLO, 18. JUNI 2021



Gard L. Michalsen



Kjetil Haanes



Hanna Relling Berg